

Månadsbrev for Marihønen

Så var det tid for ei lita oppdatering på livet i barnehagen. Januar måned kan ofte vera lunefull. Og denne månaden har vert prega av både kalde, sure og vindfulle dagar. Derfor har det vert slik at me enkelte dagar har vert mest inne med dei små, spesielt på dei dagane det storma som mest ute. I den samanheng vil eg minne på at det er viktig med gode varme kler, ull innerst er veldig bra, varme huer, sokkar og vottar (med tott) er godt å ha når ein er ute i slikt ver.

På fine dagar har me likevel tatt turar ut, både i nærområdet rundt barnehagen og ute i leikeområde hos oss. Me hadde nokon koselege trille turar til dyre butikken og Leirvik sentrum der me blant anna såg på båt livet. Det har sjølvsagt og vert leik og ake aktivitetar med rumpe akebrett i snøen denne månaden 😊.


Kvardagen inne i barnehagen har vert prega av tilvenning, leik, song og rutine situasjonar. I den samanheng ynskjer me å ønske Ive ekstra mykje velkommen på Marihøne gruppa vår. Me er veldig glade for å ha ho med oss og gledar oss til å bli enda betre kjende med ho 😊. I kvardagen øver me mykje på vanlige ting som det å ete skjeva, skorpe, vente på tur, vera snille med kvarandre, snakke og gå. Det er mykje barna skal lære desse fyrst åra og me prøver å leggje til rette for at barna dykkar skal få best mogleg stimulering, slik at dei kan få ut heile potensialet sitt. Dette gjer me gjennom å vera trygge vaksne, rutinar og leik, blant anna male aktivitetar og teikning som dei synes er veldig gøy!

I februar vert det som det står i årsplanen karnevals feiring i barnehagen (den 17.feb.). Då kler både stor og liten seg ut (om dei vil) og me har katta i sekken, karnevals tog, god mat , song, rytme instrument og alt som fylgjer med på ein slik fest. Men de vil få meir info om dette når dagen nærmar seg. Me i Ås barnehage har

også i år ynskje om å gjennomføre bade dag for barna dykkar. Den 10. februar fyller me opp eit basseng (for oss nede har me kjøpt inn nytt lite plastbasseng) som me vil blåse opp og ta i bruk. Dette vil og komme meir info om når dagen nærmar seg. Men eg vil berre forsikre dykk om at det vil vera fleire vaksne ilag med barna og ikkje meir enn to/tre oppi om gongen. Sikkerheit set me fyrst! Men dette er noko me har gjort i mange år og barna elsker denne vatn aktiviteten!! I februar er også fastelavnens månaden som me og vil markera for barna. Då blir det truleg bollar, kanskje med litt krem og syltetøy, men me feirar det etter at de foreldre har fått moglegheit til å gjera det heime fyrst.

I februar kan det også hende at "mamma`ne " blir gjort litt ekstra stas på av barna sine.... Meir seier me ikkje om den saken ;-).

Eller dersom det skulle vera noko dykk lurar på, ynskjer å ta opp. Ikkje vera redde for å ta kontakt ☺!



Mvh Annette, Marte (vikar for Jessica) og Anne Beth.